



SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2014/328	Løpenr. 7819/2014	Klassering K46
Sakshandsamar:	Alv Ottar Folkestad, Landbrukskontoret	

Utvalsaksnr Utval
Næring og miljøutvalet

Møtedato
2.9.2014

KLAGE PÅ GODKJENNING AV INDRE BRANDAL HJORTEVALD

/ 2014/328

Tilråding frå rådmannen:

Heimelsgrunnlag for vedtak:

LOV-1967-02-10 Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker (Forvaltningsloven), kapittel VI, Klage og omgjøring, § 28, fjerde ledd, jamfør og §§ 24-25, 29-30 og 33.

Vedtak:

Med tilvising til heimelsgrunnlaget, Forvaltningsloven, § 28 om klageinstans og §§ 29-30 og 33 om klagehandsaming, og §§ 24-25 om grunngeving av vedtak, finn ikkje Hareid kommune at det har kome fram vesentlege, nye opplysningar som ikkje var kjende og vurderte under saksførebuing og sakshandsaming fram til vedtak i saka. Kommunen finn derfor ikkje å kunne kome klagene i møte og held fast ved tidlegare vedtak. Saka vert derfor å sende over til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg vedtak.

Grunngjeving:

Det er i klagene ikkje kome fram nye, vesentlege opplysningar som ikkje var kjende og vurderte ved tidlegare sakshandsaming og vedtak.

Vedlegg:

Nr.	Namn	
1	Brev frå Brandal Hjorteviltlag SA med klage på vedtak i NMU 11.7.2014, sak PS 46/14	2014/328
2	Brev frå Håkon Johan Eliassen med klage på vedtak i NMU 11.7.2014, sak PS 46/14	2014/328
3	Rettsbok for Sunnmøre jordskifterett for sak 07/2002, gnr 40, Brandal i Hareid kommune	
4	Kart og flyfoto over gnr. 40 bnr. 70 – form og plassering	

Linkar:

- a) Utskrift av «Rundskriv februar 2012 Viltloven – forvaltning av hjortevilt» Direktoratet for naturforvaltning. (Forskrift nr. 134, 2012.02.15 om forvaltning av hjortevilt) finn dykk [her](#).
- b) LOV-1981-05-29-38 Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven) finn dykk [her](#).
- c) LOV-1967-02-10 Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) finn dykk [her](#).

Uprenta saksvedlegg:

- Saksførebuing og vedtak i saker PS 30/14, 31/14, 32/14 og 33/14, NMU i møte 06.05.2014
- Saksførebuing og vedtak i sak PS 42/14, NMU i møte 03.06.2014
- Saksførebuing og vedtak i sak PS 46/14, NMU, møte 11.07.2014

Samandrag av saka:

Saka gjeld ein søknad frå Ståle Brandal m. fl. om godkjenning av eit hjortevald kalla Indre Brandal hjortevald i sørlege del av gnr. 40, eit lite hjortevald innafor seks bruksnummer. Jamfør uprenta saksvedlegg. Søknaden vart avvist av NMU med leiaren si dobbeltrøyst i møte 03.06.2014, sak PS 42/14, men etter klage frå søkjarane og klagehandsaming i NMU i møte 11.07.2014, sak PS 46/14, vart vedtak om avslag oppheva og søknaden handsama på nytt med godkjenning. Det er dette godkjenningsvedtaket som no er påklaga frå partar som meiner å ha klagerett.

Saksopplysningar:

Bakgrunnen for søknad om godkjenning av Indre Brandal hjortevald går fram av saksframlegg til møte i NMU 03.06.2014, sak PS 42/14. Søknaden vart avvist av NMU med leiaren si dobbeltrøyst og med tilvising til Hjorteviltforskrifta § 10 og krav om samanhengande areal.

I brev av 15.06.2014 klaga søkjarane på avgjerda. Ved klagehandsaming i NMU 11.07.2014, sak PS 46/14, vart klaga komen i møte, vedtak om avslag oppheva, og

ved ny handsaming vart søknaden om nytt vald godkjent under namn Indre Brandal hjortevald. Ny handsaming er nytt einskildvedtak og er underlagt klagerett. Innan klagefrist på tre veker var det kome inn ei klage frå Brandal Hjorteviltlag SA v/ nestformann Arve Røyset og sekretær Håkon Eliassen, og ei frå Håkon Johan Eliassen privat (vedlegg 1 og 2). Klagene er levert rett-tidig innafor klagefristen på 3 veker og er grunngjevne. Grunngjevinga i klaga frå Brandal Hjorteviltlag er i hovudsak at klagarane meiner vedtaket er uheimla og at det er direkte i strid med grunnleggande krav i hjorteviltforskrifta. Klaga frå Håkon Eliassen har same grunngjeving i høve til heimelsgrunnlag og krav etter hjorteviltforskrifta, men har i tillegg to andre argument: Først at sakshandsamar har vill-leia NMU i spørsmål om lovheimel og skjønnsrom slik at utvalet har fatta eit uheimla vedtak, at dette må føre til mistillit til sakshandsamar og at sakshandsamar er ugild i saka. Dernest at sækjar skal dokumentere at rettstilhøva i valdet er i orden. Med tilvising til utskiftingsprotokoll frå slutten av 1800-talet konkluderer klagaren med at det er lite av kartfesta grenser i utmarka i Brandal som er korrekte og at søknaden frå Indre Brandal ikkje har oppfylt kravet om dokumentasjon av rettstilhøva.

Vurdering og konklusjon:

Ugildskap:

Sakshandsamar har i første omgang vurdert om han er ugild etter kapittel II i Forvaltingsloven, §§ 6-10. I § 6 første ledd er det spesifisert fem punkt, a) - e), om i kva situasjonar ein offentleg tenestemann er ugild til å legge til rette grunnlaget for ei avgjerd, jamfør link c). Ingen av desse punkta vil vere gjeldande for dette tilfellet. Andre ledd gjeld ugildskap i samband med «*andre særegne forhold*». Heller ikkje desse er relevante. Her står det likevel at det skal leggast vekt på om det er reist ugildskapsmotsegn av ein part. I fjerde avsnitt blir det konkludert med at reglane om ugildskap ikkje får verknad dersom det er openbert at tenestemannen si tilknytning til saka ikkje vil kunne påverka standpunktet hans og korkje offentlege eller private interesser tilseier at han må vike sete. Etter § 8 er det tenestemannen sjølv som avgjer om han er ugild, men dersom ein part krev det, skal han legge spørsmålet fram for sin næraste overordna. Sakshandsamar har derfor lagt saka fram for rådmannen, som konkluderer med at sakshandsamar ikkje er ugild. I § 10 er det slege fast at utanom offentlege tenestemenn gjeld vedtaka i kapittel II i forvaltingslova ein kvar annan som utfører teneste eller arbeid for forvaltingsorgan. Konklusjonen er såleis at tidlegare sakshandsamar er sakshandsamar for klagesaka, slik det er vanleg innafor offentleg sakshandsaming.

Klagerett:

Når det gjeld klagerett, merkar ein seg at Håkon Eliassen opptrer både som tillitsvald for Brandal Hjorteviltlag SA og som privatperson, delvis med same klagegrunngjeving. Etter vedtektene i Brandal Hjorteviltlag SA har medlemene overført sine rettar så langt det gjeld hjortevilt til laget, slik at laget representerer den einskilde medlem i slike spørsmål. Faktisk og formelt må det og gjelde klagegrunnlag. Laget disponerer naboareal til det omsøkte arealet for Indre Brandal hjortevald og vil såleis ha klagerett. Det som for Håkon Eliassen eventuelt vil stå

som eige klagegrunnlag, er tilvisinga til panteboka for Nøre Sunnmøre, der Eliassen stiller spørsmål ved dokumentasjon av rettstilhøva for delar av det omsøkte valdet for ein teig som i gardskart og dagens digitale kartgrunnlag er ført til gnr. 40, bnr. 17, medan utskiftingskart frå 1876 viser at det er ført til bnr. 22 (Eliassen sin eigedom) (vedlegg 2). Utan at det i klaga er framsett påstand om at utskiftingskartet frå 1876 framleis skal vere gjeldande, bør det likevel vere rett å akseptere klagerett for Eliassen ut frå klagegrunningjevinga.

Tema for klage vil såleis gjelde følgjande:

1. Vedtak utan heimel?

a. *Viltlova § 33:*

Både i saksutgreiing for handsaming av søknad om Indre Brandal hjortevald og ved klagehandsaminga er det synt til viltlova sin § 33 når det gjeld jaktrett på veg-grunn, jarnvegar, kraftleidningsgater, rørgater «og lignende anlegg», altså eigedomar med fellesnemnar i langsmal form, delte frå for eit definert arealbruksføremål som ikkje gjeld og som heller ikkje inkluderer jaktrettar. «Hvor vei danner grense mellom grunn som tilhører forskjellige eiere og ingen av disse eier veien, har hver av grunneierne rett til jakt og fangst på veien.» «Reglene om jakt og fangst på vei gjelder også jernbane, rørgate, gate for kraftledning og lignende anlegg.» Det er viktig å merke seg at «Eier av vei *med tilbehør* har ikke rett til jakt og fangst på denne uten at han også eier tilstøtende grunn», altså ikkje berre veg-lekamen, men også det som høyrer til. For rørgater, altså kraftverksanlegg som utnyttar fallrettar knytt til elva, må elva i seg sjølv derfor vere ein grunnleggande del av anlegget. Som vi ser, er det lagt til grunn at eigar av slike anlegg ikkje har jaktrett i området, og at der slike eigedomar dannar grense mellom eigedom til ulike eigarar, har alle som grensar til området, jaktrett på eigedomen. Det er i lovteksten ikkje sagt noko om innbyrdes fordeling av slik jaktrett, som då formelt og i praksis må oppfattast som overlappende. Det er heller ikkje gjeve nokon klar definisjon for avgrensing av «lignende anlegg», sjølv om alle dei spesielt nemnde kategoriane har klare og spesifiserte bruksføremål. Dette inneber at det må vere skjønnsrom for tolking av paragrafen. Dette må vurderast opp mot rundskriv av februar 2012 om hjorteviltforskrifta (link a), side 22 og merknader i saksutgreiinga om etablert praksis for godkjenning av samanheng i vald som vert kryssa av vegar. I klagene er det sett fram ein påstand om at brot i samanheng mellom dei ulike areala det er søkt om godkjenning for, omfattar to mellomliggande eigedomar (Hareid kommune 40/70 og Hennem 40/23). Det er ingen krav om rettlinja samanheng, og om 40/70 fell inn under vilkåra for § 33 i viltlova, er det den overlappende jaktretten som må leggest til grunn for vurdering av samanheng.

b. *Hjorteviltforskrifta § 10: Krav om samanhengande areal.*

Teksta i paragrafen er klar når det gjeld kravet om samanheng i arealet, men dette vert i neste omgang moderert i merknadane til paragrafen i «Rundskriv februar 2012 ...», der det i andre merknadsavsnitt (link a) side 21 blir presisert at kravet om samanheng, form og avgrensing kan skape enkelte vanskar og at det må utøvast fagleg skjøn når til dømes eigedomar er skilde av vegar. Det er dette skjønnsromet

det vart synt til i saksframlegga til handsaming av søknaden frå Indre Brandal og til klagehandsaming og godkjenning etterpå. I «Rundskriv februar 2012 ...» er det presisert at større vegar og vegar med viltgjerde heilt klart bryt samanhengen og at det hindrar godkjenning av vald, medan mindre vegar ikkje gjer det (link a) side 22). Likevel er det godt akseptert praksis over store delar av landet at hovudvegar kryssar godkjende vald. Det gjeld såleis i Hareidsdalen, og i t.d. Eidsvoll og Ullensaker kommunar er det til og med fleire elg-, hjort, og rådyrvald som kryssar firefelts motorveg med viltgjerde (E-6) (opplyst frå viltnemndsleiarane). Etablert og akseptert praksis for godkjenning av vald som også vert kryssa av store vegar, set såleis til side kommentarane til denne paragrafen, rundskrivet side 22, når det gjeld brot på samanheng i vald i høve til viltlova § 33, og gjer det uråd å legge streng tolking av samanhengskravet til grunn for område som fell under denne paragrafen. Logikken i å kunne godkjenne vegar som funksjonerande del av vald ligg nødvendigvis i at tilgrensande eigedomar etter viltlova § 33 har *jaktrett* på vegen, samstundes som bestandane av hjortevilt fritt og naturleg nyttar terrenget på begge sider av vegen. For Indre Brandal er vurderingstema og heimelsspørsmålet kor vidt den kommunale eigedomen langs elva kan definerast som eit kraftverksanlegg (både elvelaupet og rørgata) som fell inn under definisjonen etter § 33 i viltlova, og om hjortebestanden i det aktuelle valdet fritt nyttar områda på begge sider av denne eigedomen, sjå såleis vedlegg 4. Det kan ikkje vere tvil om at elvestrekninga i si tid var å definere som eit kraftverksanlegg, jamfør såleis «Rettsbok for Sunnmøre jordskifterett, sak nr. 07/2002», side 11, dom andre ledd, jamfør og kommunen sin påstand side 13. I perioden med klekkeri i elva ville bruksføremålet like klart falle inn under omgrepet «lignende anlegg». Med potensialet for småkraftverk/minikraftverk som sentralt motiv for Hareid kommune i samband med rettsavgjerd om eigartilhøve, er det framleis naturleg å definere bruksføremålet som kraftproduksjon. Hareid kommune hevda klart dette bruksføremålet med eigedomen, jamfør nemnde rettsbok side 12 når det gjeld kommunen sin eigen oppfatning av elvestrekning og aktuelt bruksføremål i framtida. I samband med rettsavgjerda vart kraftpotensialet og avgrensing av kommunen sine manglande rettsinteresser i eigedomen ut over dette, sterkt understreka. Dette vurderingstemaet låg til grunn for tilrådinga frå rådmannen om å akseptere den aktuelle elvestrekninga som del av godkjenningsgrunnlaget for hjortevald på begge sider av Indredalselva. Vurderinga står ved lag og må framleis vere tema for skjønnsromet for Hareid kommune i høve til handsaming av klage. Om den kommunale eigedomen langs elva oppfyller krava etter § 33 i viltlova, betyr det sjølvstendig og at godkjenningsvedtaket har den naudsynte heimelen i § 10 i hjorteviltforskrifta. I merknadane til hjorteviltforskrifta vert det stadfesta at eigedomar som berre vert skilde av mindre vegar (og med det også «og lignende anlegg») kan godkjennast som eitt vald dersom den aktuelle bestanden nyttar dei berørte eigedomane og at dette gjev ei betre bestandsforvaltning. Her er det samstundes presisert at det er viktig at kommunen vurderer kor eigna området er for arten. Når det avslutningsvis står at godkjenning *normalt* ikkje skal tillatast for å få små område opp i minstearealet, betyr det nødvendigvis og at det finst situasjonar det slik godkjenning er akseptabel. Dette vil derfor også vere eit vurderingstema.

Eit sentralt utgangspunkt for desse vurderingane må vere føremålsparagrafen i hjorteviltforskrifta, § 1 side 6 (link a)). Det er viktig ikkje å tape fokus og ansvar i høve til den. I paragrafen står mellom anna: «Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene.» Det er viktig å ta med seg dette perspektivet når kommunen skal vurdere heimel og skjønnsrom i høve til lover og forskrifter. Den lokale forankringa er ytterlegare understreka i merknadane til paragrafen, andre avsnittet og har klar relevans også for klagemerknadene om saksførebuinga når det gjeld kommunen som forvaltingsorgan. Det er viktig å ha klart for seg at krava i dei ulike paragrafane i hjorteviltforskrifta skal vere reiskap for å oppnå målsetjinga. Dette må derfor og vere relevant del av kommunen sitt skjønnsgrunnlag. Det er avslutningsvis verdt å merke seg forvaltningslova § 34 andre ledd siste setning når det gjeld kommunen sitt skjønnsrom («frie skjønn») (link c)): «Der statlig organ er klageinstans for vedtak truffet av en kommune eller fylkeskommune, skal klageinstansen legge vekt på hensynet til det kommunale selvstyre ved prøving av det frie skjønn.

2. Dokumentasjon av rettstilhøve for areal innan valdet

Eitt av punkta i klaga frå Håkon Eliassen er tilvising til kravet i § 11 i hjorteviltforskrifta om dokumentasjon av rettstilhøva i valdet og med sitat frå merknadane i rundskriv om forskrifta. Forskriftsteksta krev ikkje eksplisitt slik *dokumentasjon*, men har formuleringa: «c) Oversikt over eiendommene for å vite om rettighetsforholdene er i orden.» Dei fulle merknadene er: «Søker skal dokumentere at rettighetsforholdene i valdet er i orden. Dersom myndighetene oppdager eller blir gjort oppmerksomme på at dette ikke er i orden, kan ny søknad kreves (jf. § 13). Dette skal gjøres av hensyn til enkeltgrunneieres rettssikkerhet. Et slikt krav må ha en klar saklig begrunnelse.» Det er altså eit vurderingsspørsmål når det gjeld krav til dette punktet i ein søknad. Klagaren går langt når han seier: «Som kjent er det lite av kartfesta grenser i utmarka som er korrekte i Brandal.», men det er mogeleg han har rett. I alle fall var dette påpeika og var tema ved handsaming også av søknader om hjortevald frå Brandal Hjorteviltlag SA, jamfør saksførebuing for handsaming av dei fire søknadane. Konklusjon og tilråding var likevel at det ville vere viktigare å legge til rette for hjortejakt i området enn eventuelt å måtte vente på tidkrevjande opprydding av spørsmål rundt eigedomsgrenser. Av omsyn til likehandsaming bør same vurdering leggast til grunn for søknaden frå Indre Brandal. Kartgrunnlaget og arealoppgåver for søknaden er rimeleg eintydige når det gjeld eigedomar og eigedomsgrenser for dette området, samanlikna med enkelte delar av dei godkjende valda som Brandal Hjorteviltlag SA representerer.

3. Mangelfull, misvisande og feil saksførebuing.

Dette er tema i klagene frå både Brandal Hjorteviltlag SA og Håkon Eliassen. Habilitetsspørsmålet for sakshandsamar er vurdert innleiingsvis, og mesteparten av det øvrige fell inn under ulike klagetema ovanfor. Det som står att, er merknaden om at Indre Brandal kunne ha nytta jaktretten i valdsamarbeid med Brandal Hjorteviltlag SA utan å søke eige vald. Her er det å konstatere at søkjarane i Indre Brandal i sin

søknad har ei heilt anna oppfatning av grunnlaget for ei slik løysing, og heller ikkje var dette noko tema i søknadane frå Brandal Hjorteviltlag SA før søknadsfrist for vald gjekk ut 1. mai 2014. I klagebrevet frå Brandal Hjorteviltlag SA er «fritt referert» sakshandsamar sine merknader til brev frå Brandal Hjorteviltlag SA, lagt fram i møte i NMU 11.07.2014 vedrørande tolking av heimelsgrunnlag og skjønnsfridom for kommunen som viltforvaltingsorgan. Framstillinga må stå for representanten for hjorteviltlaget si rekning. Utvalsmedlemene var sjølve til stades og kan vurdere samsvar mellom det som vert referert og det som vart sagt. Ut over dette må det konkrete grunnlaget for vurderingane først og fremst søkast i skriftlege og dokumenterbare saksførebuingar og grunnlaget det vert synt til i lover og forskrifter, medrekna rettleiing, tolking i rundskriv og etablert praksis.

Konklusjonen må etter dette vere at det har kome fram lite/inkje i klageskriv og grunngjeving som ikkje låg på bordet og var kjent allereie frå første handsaming av søknaden frå Indre Brandal. Spørsmålet gjeld først og fremst tolking og bruk av § 33 i Viltloven, og tolking og bruk av krava etter hjorteviltforskrifta, først og fremst §§ 10 og 11 og kva skjønnsfridom kommunen har. Samstundes er det viktig å ta utgangspunkt i hjorteviltforskrifta § 1 Formål og kva rolle og ansvar kommunen har som lokal viltstyresmakt. Vurderingar og tilrådingar frå saksframlegg, søknadshandsaming og klagehandsaming står ved lag. Tilrådinga må derfor bli at klagene ikkje vert komne i møte og at vedtak i NMU-møte 11.07.2014, sak PS 46/14 vert ståande. Saka vil i så fall verte å sende over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Miljøkonsekvensar:

Uttak av hjort innafor gnr. 40 Brandal.

Økonomiske konsekvensar:

Avgrensa stor sett til private interesser.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ubetydelege.

Hareid, 26.8.2014

Bent Arild Grytten
rådmann

Alv Ottar Folkestad
Sakshandsamar